

Fjågesund Posten

Nr. 2 mai 2024



Finsand

RUSKENAKSJONEN 2024

Mondag 6. mai kl. 16.00 - 19.00. Renovest IKS set ut container ved **Fjågesund grendehus**. Her kan du som privatperson levere avfall som kjøll/frys, komfyrar, omnar, anna elektrisk materiell, samt møblar og større hushaldsavfall.



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved innkjørsla di slik at det er lett å finne. Vi køyrer rundt og samlar inn:

Tysdag 7. mai kl 17.00



SØPPELPLUKKING/TRIM

Tysdag 7. mai kl. 18.00. Vi møtast på grendehusplassen, og ryddar søppel langs vegen til Fjågesund brua og opp til kyrkja. Ta med hanskar. Væratterhald.

Arr. Fjågesund IL

DUGNAD PÅ GRENDEHUSET

Mondag 13. mai kl. 18.00. Ta med rive, trillebår, traktor, o.s.v. Vasking inne av vindauge o.s.v.



UT PÅ TUR 2024

Fjågesund idrettslag har plukka ut fire turmål. Eit kart over turmåla, ruta dit og korleis du registrerar turane dine er snart å finne på fjaagesund.no/il.

Dei som har gått alle 4 turane vert med i trekkinga av ein fin premie. Det vert også trekk ut ein trøstepremie blandt alle deltakerane.

Du må registrere turane dine før 20. september. God tur!



TI - TOPPAR I KVITeseid

Idrettslaga i Kviteseid og Kviteseid turlag lanserar for fyrste gong Ti-topparen i Kviteseid frå 1. april til 9. september. Premiering for 10 ulike toppar for vaksne, og 7 ulike toppar for barn. Du kan registrere turen din på skjemaet som du finn i brosjyra. Det blir lagt ut brosjyrrar på Joker, Straand Hotel og Handelslaget cafe i Vrådal, Kiwi og Kviteseid Bok og Papir i Kviteseid, Morgedal Hotel og Norsk Skieventyr i Morgedal. For å delta i konkurransen, må du fylle ut skjemaet og levere innan 23. september til Kviteseid Bok og Papir.

Dette er årets toppar:

- | | |
|----------------|---------------------|
| 1. Hægefjell | 6. Næring |
| 2. Roholtfjell | 7. Brokefjell |
| 3. Venelifjell | 8. Kongsbergdam |
| 4. Fagerliheii | 9. Ordalsåta |
| 5. Ånås | 10. Kastedalsskotet |

17. MAI I FJÅGESUND



Program:

- Tog frå broi kl 12.00
- Festgudsteneste kl 12.30 i Fjågesund kyrkje v/Eilev Erikstein. Ofr. Kirkens SOS - Telemark.

På grendehuset etter messa:

- Kaffi og kaker
- Sal av pølser, brus og is
- Utlodding
- Leikar: luftbørse, pilkast etc. med premiering

Arr. Fjågesund grendehuslag



M/S VICTORIA

kjem **laurdag 18. mai**. Båten
passerar fjågesundbryggja ca. kl 15.10.

M/S HENRIK IBSEN

kjem **sondag 19. mai**, båten passerar
fjågesundbryggja ca. kl 15.10 og vi oppmodar
alle til å helse dei velkomen desse dagane!



BUSSTUR TIL HAMAREN, TRETOPPVEGEN I FYRESDAL

Søndag 2. juni kl. 10.00 frå grendehusplassen.

Ta med niste til felles matpause. Idrettslaget spanderar buss og sjåfør.

Påmelding innan 27. mai til Aud Turid

Tlf. 905 75 915

Arr. Fjågesund IL

TUR TIL MIDDAGSKØLLEN

Tysdag 11. juni kl 18.00.

Oppmøte ved innkjørsla til Sandbekk.

Arr. Fjågesund IL



Kua mi, jeg takker deg deilig melk du gir til meg.
Hver en dag jeg til mitt brød, drikker melka di så søt.

Ikke ta de visne strå, saftig gras du ete må!
Det gjør melken din så søt. Her er engen frisk og bløt.

Her de vakre blomster står, her den vesle bekken går;
her er mat ved kratt og sti. Et nå godt, du kua mi.